



KOMMUNEPLAN FOR TIME KOMMUNE 2018-2030 - AREALDELEN. ENDELEG PLAN

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time kommunestyre	032/21	15.06.2021

Framlegg til vedtak:

1. *Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova godkjenner Time kommunestyre forslag til «Kommuneplan for Time kommune 2018-2030 – Arealdelen» inkludert temakarta, med plankart, føresegner og retningslinjer alle datert 21.05.2021.*
2. *I det vidare plan- og utviklingsarbeidet på Kalberg og Kvernaland vil Time kommunestyret at:*
 - *Trasèen for omkjøringsvegen blir vurdert på nytt i samband med detaljreguleringsarbeidet der landbruksjord skal tas best mogleg omsyn til. Vern av matjord skal ha høg prioritert i denne vurderinga.*
 - *Omsynet til støy skal ha merksemd i plan-, anleggs- og utbyggingsperioden.*

Time kommunestyre

Ugild	Følgjande vara møtte	Merknad
Pål Undheim	Kjetil Eide	Fvl. § 6, andre ledd.

Pål Undheim (H) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. fvl. § 6, andre ledd.
Kommunestyre erklærte samrøystes Pål Undheim inhabil.

Fellesforslag frå Sv, Mdg, V, Svein F. Hestvaag Uavh og Sp **v/Jone Fosse (Sp)**:
Saka vert utsett til oppdatert grunnlagsdokumentasjon ligg føre.

Det har ikkje blitt utgreidd:

- Batterifabrikk; miljøkonsekvensar og arbeidsplasser
- Omkjøringsveg; alternative traser, kostnader og konsekvensar

-Fagrafjell; ikkje nok straum til kraftkrevjande industri. Framtidig kraftbehov er ikkje utgreidd.

-Investeringar i infrastruktur opp mot moglege skatteinntekter.

Fellesforslaget frå Jone Fosse fekk 10 røyster og falt (5 Sp, 2 SV, MdG, V, Svein F. Hestvaag Uavh).

Fellesforslag frå H, Ap, Lars Enevoldsen Uavh og FrP v/ **Lars Enevoldsen (Uavh)** Kommunestyret ber Rogaland fylkeskommune ved Samferdsel starta reguleringsarbeidet med omkjøringsvegen hausten 2021, og at det parallelt med reguleringsarbeidet blir utarbeidd og politisk godkjend ein samarbeidsavtale om finansiering av omkjøringsvegen mellom kommunane Time og Klepp, Rogaland fylkeskommune og grunneigarar eller deira representantar som har godkjende utbyggingsareal (nærings-, råstoffutvinnings- og bustadformål) innanfor omsynssone H810_7, jf. punkt 34.4.1 i føresegnene til arealdelen.

Endringsforslag frå **Unni S. Lende (KrF)** Nytt pkt 1.

Med heimel i § 11-15 i plan og bygningslova godkjenner Time kommunestyre forslag til "kommuneplan for Time kommune 2018 - 2030 - Arealdelen" inkludert temakarta, med plankart, føresegner og retningslinjer alle datert 21.05.2021 under forutsetning av at ein tek ut NK1 og det nye NK3.

Forslag frå **Jon Torger H. Salte (MdG)** NK4 skal framleis vera LNF-formål.

Tilleggsforslag frå Sp, SV, V, MdG og Svein F. Hestvaag Uavh v/**Ingrid Fiskaa (SV)** NK1 skal omdisponerast til LNF-formål. (Ikkje stemt over, då dette allereie er vedtatt at det skal bli eit næringsområde).

Fellesforslag frå Sp, SV, V, MdG og Svein F. Hestvaag Uavh v/**Ingrid Fiskaa (SV)** RK5 skal framleis vera LNF-formål.

Fellesforslag frå Sp, SV, V, MdG og Svein F. Hestvaag Uavh v/**Ingrid Fiskaa (SV)** Bustadområda BK1, BK5 og BK6 skal vera/omdisponerast til LNF-formål. Den langsiktige jordverngrensa på Frøyland mellom Fjermestadvegen og Åslandsvegen skal gå langs eksisterande, etablerte busetting.

Endring av tilleggsforslaget frå Enevoldsen frå Sp, SV, V, MdG og Svein F. Hestvaag Uavh v/**Ingrid Fiskaa (SV)** Endringar med store bokstavar:

«Kommunestyret ber Rogaland fylkeskommune ved samferdsel starta ARBEIDET med omkøyringsvegen hausten 2021, og at det FØR reguleringsarbeidet STARTAR blir utarbeidd og politisk godkjend ein samarbeidsavtale om finansiering av omkøyringsvegen mellom kommunane Time og Klepp, Rogaland fylkeskommune og grunneigarar eller deira representantar som har godkjende utbyggingsareal (nærings-, råstoffutvinnings- og bustadføremål) innanfor omsynssone H810_7, jf. punkt 34.4.1. i føresegnene til arealdelen.»

Fellesforslag frå Sp, SV, V, MdG og Svein F. Hestvaag Uavh v/**Ingrid Fiskaa (SV)** Ein forpliktande finansieringsplan for omkøyringsvegen er eit vilkår for regulering av NK1, NK2 og NK4 til næring. Det vert ikkje opna for mellombels vegløysingar som aukar trafikken gjennom Kvernaland.

Avrøysting:

Fellesforslaget frå Ingrid Fiskaa (RK5) fekk 10 røyster og falt (5 Sp, 2 SV, V, MdG, Svein F. Hestvaag Uavh).

Fellesforslaget frå Ingrid Fiskaa (Bustadområda) fekk 10 røyster og falt (5 Sp, 2 SV, V, MdG, Svein F. Hestvaag Uavh).

Pkt. 1: Framlegget vart vedtatt med 14 røyster med 13 røysta for Unni S. Lende sitt forslag (5 Sp, 2 KrF, 2 SV, V, MdG, Anders Undheim og Svein F. Hestvaag Uavh).

Pkt. 2 a: Framlegget vart vedtatt med 17 røyster med 10 røysta for Ingrid Fiskaa sitt forslag (5 Sp, 2 SV, V, MdG, Svein F. Hestvaag Uavh).

Pkt. 2 b: Framlegget vart samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag (finansieringsplan) frå Ingrid Fiskaa fekk 10 røyster og falt (5 Sp, 2 SV, V, MdG, Svein F. Hestvaag Uavh).

Tilleggsforslaget frå Jon Torger Hetland Salte fekk 10 røyster og falt (5 Sp, 2 SV, V, MdG, Svein F. Hestvaag Uavh).

Tilleggsforslaget frå Lars Enevoldsen vart vedtatt med 17 medan 10 røysta for Ingrid Fiskaa sitt forslag (5 Sp, 2 SV, V, MdG, Svein F. Hestvaag Uavh).

KS-032/21 Vedtak:

1. *Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova godkjenner Time kommunestyre forslag til «Kommuneplan for Time kommune 2018-2030 – Arealdelen» inkludert temakarta, med plankart, føresegner og retningslinjer alle datert 21.05.2021.*
2. *I det vidare plan- og utviklingsarbeidet på Kalberg og Kvernaland vil Time kommunestyret at:*
 - *Trasèen for omkjøringsvegen blir vurdert på nytt i samband med detaljreguleringsarbeidet der landbruksjord skal tas best mogleg omsyn til. Vern av matjord skal ha høg prioritert i denne vurderinga.*
 - *Omsynet til støy skal ha merksemd i plan-, anleggs- og utbyggingsperioden.*

Kommunestyret ber Rogaland fylkeskommune ved Samferdsel starta reguleringsarbeidet med omkjøringsvegen hausten 2021, og at det parallelt med reguleringsarbeidet blir utarbeidd og politisk godkjend ein samarbeidsavtale om finansiering av omkjøringsvegen mellom kommunane Time og Klepp, Rogaland fylkeskommune og grunneigarar eller deira representantar som har godkjende utbyggingsareal (nærings-, råstoffutvinnings- og bustadformål) innanfor omsynssone H810_7, jf. punkt 34.4.1 i føresegnene til arealdelen.

KOMMUNEPLAN FOR TIME KOMMUNE 2018-2030 - AREALDELEN. ENDELEG PLAN

SAKA GJELD

Kommunedirektøren legg fram endeleg forslag til kommuneplan 2018-2030, Arealdelen (fase 1 og fase 2). Plandokumentene i fase 1 og fase 2 er samla i planforslaget som ligg føre. Planforslaget i fase 1 vart godkjent i KS.sak 086/19 den 17.12.2019.

Planforslaget i fase 2 for området kor «Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør 2014-2040» (BBS) gjeld, har vore på høyring i perioden 19.12.2020 - 14.02.2021.

Grunnlaget for mekling med Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune vart behandla i KS.sak 030/21.

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 skal kommunestyret no godkjenne endeleg planforslag.

SAKSOPPLYSNINGAR

Vedtak om å dela planprosessen opp i 2 fasar	FSK.sak 066/19 av 03.09.2019
Endeleg godkjenning planforslag Fase 1	KS.sak 086/19 av 17.12.2019
Godkjenning planprogram Fase 2	FSK.sak 070/20 av 01.09.2020
Førstegongs behandling planforslag Fase 2	KS.sak 094/20 av 15.12.2020
Høyring og offentleg ettersyn planforslag Fase 2	19.11.2020-14.02.2021
Andregongs behandling endeleg planforslag Fase 1 og Fase 2 – grunnlag for mekling	FSK.sak 026/21 av 27.04.2021 KS.sak 030/21 av 04.05.2021
Mekling motsegnsstyresmakta	07.05.2021

Kommunestyret gjorde den 04.05.2021 (KS.sak 030/21) følgjande vedtak:

1. «Med hjemmel i § 11-15 i plan- og bygningsloven godkjenner Time kommunestyre forslag til «Kommuneplan for Time kommune 2018-2030 – Arealdelen» inkludert temakartene, med plankart og bestemmelser, alle datert 14.04.2021 med tillegg:

a) Av omsyn til framtidig utbyggingspress i Frøylandsområdet skal langsiktig

jordverngrense i aust bli sett langs dagens etablerte og regulerte bosetning mellom Åslandsvegen og Fjermestadvegen.

b)Time kommunestyre vil at trasèen for omkjøringsvegen blir vurdert på nytt i samband med detaljreguleringsarbeidet, der landbruksjord skal tas hensyn til best mulig. Vern av matjord skal ha høy prioritet i denne vurderingen.

c)I området Kalberg/Kverneland skal omsynet til støy ha oppmerksomhet i plan-, anleggs- og utbyggingsperioden.

d)Kommunestyret ønsker at planløsningen for områdene S2-S3, inkludert tilhørende grøntstruktur og aktuelle bestemmelser om maks andel boliger i S1-S3, maks toppgulv i 1. etasje og krav om åpne fasader, samt temakart 5 «Arealutnytting og byggehøgder i Kverneland sentrum», slik vist i høringsforslaget datert 11.11.2020 hhv 15.11.2020, blir innarbeidet i endelig planforslag. Endringen innebærer at:

i Hensynssone H810_8 med tilhørende bestemmelse 34.4.2 tas ut.

ii Ny bestemmelse «I områda sett av til sentrumsformål S1-S3 skal det vidare planarbeidet legge til rette for ålmenheta sin tilgang til Frøylandsvatnet gjennom utvikling av attraktive sentrumsområde med uteareal/opphaldsrom av høg kvalitet som er tilgjengeleg for alle, i tråd med prinsippa om universell utforming og Temakart 4: 'Blågrøntstruktur Kverneland sentrum'» tilføyes bestemmelsene i Kap. 21.4

e) I endelig planforslag er bestemmelsen «Brannskada bygg frå 1913 på Kverneland fabrikk i området S3 kan rivast, med vilkår om at ein annan del av busetnaden ved Kverneland fabrikk i områda S2-S3 vert valt som eit bevaringsverdig bygg og dermed gir eit varig minne over Kveneland fabrikk» uteglemt og tas inn i Kap. 21.4 "Sentrumsformål" og /eller i bestemmelse pkt. 34.4.2 (krav om områdeplan). Dette må bli endelig avklart og vedtatt i det vidare planarbeidet for områdene.

f) Bustadshus i LNFR-områda kan vera maksimum 200 m2 BYA, og med utnyttingsgrad på maks 30 % BYA. Garasjar, uthus og liknande kan vera frittliggjande eller hengje saman med bustadshus, og utgjera inntil 50 m2 BYA i tillegg til bustadshuset.

- 1. Egengodkjenningen omfatter ikke områdene hvor det eventuelt ikke skulle blir oppnådd enighet om innsigelsene mellom Statsforvalteren i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Time kommune i meklingsmøte den 07.05.2021.*

Dette vil kunne gjelde:

- *Arealomdisponeringer:*
 - *NK4 og NK5: Omdisponering av to områder med formål LNF til formål næring: Tilrettelegging for kraftkrevende virksomheter, inkludert virksomheter som kan nyttiggjøre seg av restvarmen.*
 - *RK5 og RK6: Omdisponering av områder med formål LNF til formål råstoffutvinning.*
 - *S2 og S3: Utvidelse av områder med sentrumsformål*
- *Fastsetting av langsiktig grense landbruk på Kvernaland og Lyefjell.»*

I meklingsmøte med Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune den 07.05.2021 vart det oppnådd semje mellom partane. I saksframlegget som ligg føre omtalast endringane partane vart samde om. For omtalen av saka elles viser kommunedirektøren til saksdokumenta i KS.sak 030/21 av 04.05.21.

Saksdokumenta finn ein [her](#).

Jf. vedlagt referat frå meklingsmøte den 07.05.21 i høve planjusteringar som kommunedirektøren har følgd opp i framlagt forslag til endeleg plan:

1. Næringsområdet NK2 på Kalberg er tatt ut av planforslaget. Nummereringa av NK3-NK5 endrast i endeleg plan grunna bortfall av NK2.
2. Næringsområdet NK4 (=ny NK3) nord for Åslandsvegen er i dialog med Statsforvaltaren redusert ved at det er lagt inn eit belte mot Åslandsvegen.
3. Næringsområdet NK5 sør for Fjermestadvegen (= ny NK4) er redusert i nord med om lag 225 dekar.
4. Råstoffutvinningsområdet RK5 er redusert i aust – ny grense er avklart i dialog med Statsforvaltaren.
5. Råstoffutvinningsområdet RK6 er tatt ut av planforslaget.
6. Trasè for omkøyringsvegen ved Frøyland kan vurderast lagt lengre vest.
7. Langsiktig grense landbruk ved Frøyland følgjer eksisterande busetnad og godkjende utbyggingsområde. Ved næringsområde NK5 (=ny NK4) er grensa sett mot aust. Øvrig grense blir avklart gjennom vidare regulering.
8. Mindre justeringar av langsiktig grense landbruk ved Lye, både i vest og i sør. Fastsetting av grensa i nord og aust blir tema ved neste revisjon av kommuneplanen.
9. Når det gjeld sentrumsområdet på Kvernaland skal kommunen utarbeida ein handelsanalyse for å fastsetja maksimalt bruksareal for handel i Kvernaland.
10. Dei administrative motsegnene grunna konflikt med kulturminne og korleis kulturminna er vist i kart og føresegner er imøtekome og er dermed trekt.
11. Motsegna grunna mangelfull ROS-analyse er trekt etter at det er gjort ei mindre tilpassing i vurderingsmatrisa, jf. «*Planbeskrivelse, konsekvensutredning og risiko- og sårbarhetsanalyse*», datert 21.05.2021.


VURDERING

1. Område NK2 er tatt ut av planforslaget

Fylkesutvalet sitt vedtak om at NK5 kan aksepteras mot at kommunane på Nord-Jæren/Jæren fører tilbake 300 dekar utbyggingsareal til LNF-formål viser seg å vera krevjande å administrera, samt at ei eventuell gjennomføring kjem til å ta tid. Time kommune sitt forhandlingsutval føreslo difor sjølv å redusera områda NK2 og NK5 med minst 300 dekar.



Planforslag KS.sak 030/21



Endeleg planforslag

Ved å ta ut område NK2 er det faglege rådet frå Statsforvaltaren om å ta meir omsyn til jordvernet og den beste landbruksjorda i planområdet følgt opp. Ein tar óg vare på Kalbergskogen som er eit viktig friluftsområde for mange, slik mange har gitt uttrykk for, både i planprosessen sin fase 1 og fase 2. Vidare inneber endringa at næringsverksemd kjem på lengre avstand til eksisterande bustadområde, noko innbyggjarane óg har vore opptatt av. Ulemper er vurdert å vera at området NK2 saman med NK1 ville ha gitt eit meir samanhengande utbyggingsmønster, sett i forhold til næringsområda i Klepp og Sandnes, og at området ligg i svært kort avstand frå Fagrafjell.


Omsynsone H910_2 sikrar at massar kan tas ut, jf. godkjend reguleringsplan 0290.

Nummereringa av NK3-NK5 endrast i endeleg plan då NK2 er tatt ut.

2. Område NK3 (= tidlegare område NK4)


Område NK3 (= tidlegare NK4) er redusert for å hindra avrenning til verna vassdrag, samt halde oppe ein naturprega «korridor» vest – aust. Statsforvaltaren konstaterte ved ei nyleg synfaring at dreneringsforholdet mot vegen er noko uklart. Kommunedirektøren og Statsforvaltaren er blitt einige om at formålsgrensa i sør kan avklarast gjennom områdeplan, kor det også må avklarast korleis avrenninga mot vest/sørvest må handterast slik at det ikkje kjem i konflikt med verna vassdrag.

Reduksjonen av området inneber at det gjenverande området til næringsformål er på om lag 190 dekar, noko som nærmar seg ei grense for kor aktuelt området kan vera for (hyperscale) datasenter, men området vil eigna seg for mindre sentra, støttefunksjonar og verksemder som kan nyttiggjera seg restvarme.



3. Område NK4 (= tidlegare Område NK5)

Som nemnt over føreslo Time kommune sitt forhandlingsutval at kommunen tar ut minimum 300 dekar av føreslått areal til næringsformål. Området NK4 (tidlegare NK5) er difor i nord redusert med om lag 225 dekar. Reduksjonen gjer at det i enno større grad er tatt omsyn til jordvernet (om lag 27 daa fulldyrka og 199 daa innmarksbeite), samt at det er tatt meir omsyn til områda som Statsforvaltaren har tilrådd Miljøverndepartementet skal ha supplerande vern (Kvitemyra og Frøilandsmyra). Gjenverande areal med næringsformål er på om lag 570 dekar, som framleis vil vera stort nok for å tilfredstillast krava kraftkrevjande verksemder stiller. Langsiktig grense landbruk er lagt inn på austsida av området. Øvrige grenser blir avklart gjennom den vidare reguleringa.



Oppsummering næringsformål

Etter disse endringane er det på Kalberg/Kvernaland no lagt til rette for kraftkrevjande verksemdar med eit areal på til saman 1194 dekar, kor 251 daa er fulldyrka jord, 91 daa overflate dyrka og 213 daa innmarksbeite. I dette inngår óg området Smørpigen (23 daa) kor det i dag allereie er etablert næringsverksemd og 258 daa av NK1 som allereie vart godkjent i IKDP Bybandet sør.


Arealforbruk

Av 1171 daa (utanom området Smørpigen) er 258 allereie godkjent i IKDP Bybandet sør. I høve Bybandet sør er det godkjente næringsområdet TN1 på 340 daa omdisponert til delvis LNF-formål og delvis formål råstoffutvinning med krav om tilbakeføring til LNF-formål etter avslutta drift. Bustadområdet TB2 (Kalbergskogen) på 76 daa er omdisponert til LNF-formål med omsynsone «Grøntstruktur».

	Be bygd	Sam ferd sel	Full dyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarks beite	Skog	Open fast mark	Myr	Fersk vann	Total sum
NK1	8	2	212	91	43	43	13	0		412
NK3					0	5	184			189
NK4	0	2	0	0	145	194	229	0	0	570
Brutto SUM	8	4	212	91	188	242	426	0	0	1171
BBS TN3	-3		-172		-9	-24	-41	-9		-258
BBS TN1	0	0	-83	0	-81	-4	-170	-1	-1	-340
Netto nytt areal i KP 18-30 fase 2	5	4	-43	91	98	214	215	-10	-1	573

4. Område RK5

Som resultat av meklings og nærare dialog med Statsforvaltaren, er RK5 redusert i aust kor det er lagt vekt på omsyn til natur, landskap og landskapsovergangen («brinken»), samt ressursar til byggjeråstoff i området. Kommunedirektøren har vurdert om ein kunne kompensera for denne reduksjonen ved å utvida RK5 vestover, slik at ein får eit samanhengande råstoffområde saman med område RK4. Eit slikt forslag ville ha krevd ei ny høyring, noko kommunedirektøren på dette tidspunktet meiner ikkje ville vera ønskeleg. Ei eventuell utviding vil kunna vurderast ved neste revisjon av kommuneplanen sin arealdel.




Planforslag KS.sak 030/21




Endeleg planforslag

5. Område RK6

Området er tatt ut av planforslaget grunna konflikt med natur og landskap og framstår fortsatt med LNF-formål.



Planforslag KS.sak 030/21




Endeleg planforslag

6. Sentrumsområde på Kvernaland


Når det gjeld sentrumsområdet på Kvernaland, er det kommunen som skal utarbeida ein handelsanalyse for å fastsetja maksimalt bruksareal for handel i Kvernaland. Dette i tråd med gjeldande retningsliner i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Analysen skal liggje til grunn som premis for den vidare arealplanlegginga i området. Kommunedirektøren er enig med fylkeskommunen i at dette er kommunen sitt ansvar.

7. Langsiktig grense landbruk og jordvern

Langsiktig grense landbruk ved Frøyland følgjer eksisterande busetnad og godkjende utbyggingsområde. Samanlikna med høyringsforslaget ligg nå 384 daa, derav 360 daa jordbruksjord, på landbrukssida av grensa. Vidare er langsiktig grense trekt heilt rundt næringsområdet nord for Åslandsvegen (ny) NK3.




Planforslag KS.sak 030/21



Endeleg planforslag

Ved området (ny) NK4 sør for Fjermestadvegen er landbruksgrensa berre trekt i aust. Grensene her i nord, vest og sør skal avklarast i den vidare reguleringa.

Mindre justeringar av langsiktig grense landbruk ved Lye, både i vest og i sør, er innarbeidd i justert plankart. Langsiktig grense nord og aust for Lye vil bli tema ved neste revisjon av kommuneplanen sin arealdel.



Planforslag KS.sak 030/21



Endeleg planforslag

Idrettsområdet på Tangen som var att etter omdisponeringa i fase 1, er no heilt omdisponert til LNF-formål (77 daa). Langsiktig grense landbruk er justert i tråd med denne endringa, og ikkje endra på i høve til KS.sak 030/21.

Delar av den regionale grøntstrukturen på Kalberg/Frøyland er omdisponert til LNF-formål, samt at bustadområde TB2 (jf. BBS) og næringsområdet TN1 (jf. BBS) er ført tilbake til LNF-formål.

Til saman gir dette følgjande oversikt over areal som er ført tilbake til LNF-formål:

Frå formål:	Utbygd	Samferdsel	Full-dyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarks-beite	Skog	Open fast-mark	Myr	Fersk-vatn	Total sum
Idrett	0	1	29	6	40	1	1	0	0	77
Bustad						76				76
Næring	0	0	83	0	81	4	170	1	1	340
Regional grønt-struktur	22	8	172	0	133	144	28	49	1	557
SUM	22	9	284	6	254	225	199	50	2	1050

8. Kulturminne

Rogaland fylkeskommune har stadfesta at dei administrative motsegnene som vart fremja grunna konflikt med kulturminne, er tilfredsstillande løyst i planforslaget slik det låg føre til 2.gongs behandling (KS.sak 030/21). Motsegnene er formelt trekt.

9. Mangelfull ROS

Motsegna grunna mangelfull ROS-analyse er trekt etter at det er gjort ei mindre tilpassing i vurderingsmatrisa. Den utfyllande ROS-analysen inngår i justert «*Planbeskrivelse, konsekvensutredning og risiko- og sårbarhetsanalyse*» datert 21.05.2021. Analysen viser at ein allereie ved opning av nye Fagrafjell transformatorstasjon vil ha tilgang til 230 MW. Dette gir svært gode moglegheiter for etablering av kraftkrevjande industri på Kalberg/Kvernaland. Om lag 50 av desse 230MW kan knytast til allereie no, noko som gjer det mogleg å starta med kraftkrevjande verksemd før Fagrafjell står ferdig.

Distribusjonsnettlet må vidareutviklast, men ein tiårs periode er vurdert til å vera rikeleg tid til å utvikla både distribusjonsnettlet (Lyse) og transmisjonsnettlet (Statnett). Det er tilstrekkeleg kapasitet for kraftkrevjande verksemdar der forsyningstryggleiken er ivaretatt slik planforslaget legg til rette for.

Andre endringar i høve planforslaget som var til handsaming i FSK 27.04.2021/KS 04.05.2021

- Som oppfølging av vedtaket i KS.sak 030/21 er bandleggingsona i tilknytning til trasè for omkøyringsvegen ved Frøyland utvida mot vest. Bandleggingsona går i vest i grense med eksisterande busetnad eller i grense med godkjente utbyggingsområde.
- Føresegna vedrørande garasjar i LNF-område er justert.

KONKLUSJON

Justert planforslag etter meklinga med motsegnstyresmakta har ikkje tatt bort konfliktane, men har i høve planforslaget som vart behandla i KS.sak 030/21 den 04.05.2021, redusert konfliktnivået ytterlegare både i høve avstand mellom nye næringsområde og eksisterande busetnad, friluftslivinteresser, jordvern og biologisk mangfald. Krava om store nok samanhengande næringsareal er og søkt ivaretatt på best mogleg vis.

Kommunedirektøren vurderer at det kanskje ikkje ligg inne optimalt med næringsareal til både kraftkrevjande verksemdar og verksemdar som kan nyttiggjera seg av restvarme. Dette meiner kommunedirektøren bør vera ei utfordring for nabokommunane Klepp og Sandnes å vurdere i deira arealplanlegging framover.

Kommunedirektøren har følgd opp vedtaket i KS.sak 030/21 av 04.05.21 og godkjent meklingsprotokoll etter meklingsmøte med Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune, og tilrår at kommunestyret godkjenner planforslaget.

Kommunedirektøren i Time, den 26.05.2021

Trygve Apeland

Vedlegg:

- Kommuneplan 2018-2030. Endeleg planforslag, Tettstadane, 21.05.2021
- Kommuneplan 2018-2030. Endeleg planforslag.Heile kommunen, 21.05.2021
- Føresegner og retningslinjer - endelig planforslag
- Kommuneplan 2018-2030 - Tekst Arealdelen, 21.05.2021
- Planbeskrivelse KU og ROS 21.05.2021
- Areal- og fortettingsstrategi 2018-2040 - 21.05.2021
- Protokoll frå meklinga TK, SF og RFK, 07.05.2021.pdf
- Referat fra drøftingsmøtet mellom TK, RFK og SF 26.3.2021
- Referat fra planforum 04-11-2020
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2030 - Fase 2, 22.03.2021
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2030 - Fase 2, 08.03.2021
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2030 - Fase 2, 13.10.2020
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2030 - Fase 2, 11.08.2020
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2020 - Fase 2, 26.05.2020
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2030 - Fase 2, 28.04.2020
- Referat fra møtet i styringsgruppen KP 2018-2030 - Fase 1 og Fase 2, 30.01.2020
- Oversikt over høringsuttalelser med vurderinger fra høringsperioden planforslag Fase 2 14.04.2021
- 01. Statsforvaltaren i Rogaland
- 02. Direktoratet for mineralforvaltning
- 03. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
- 04. Norges Vassdrags- og Energidirektorat
- 05. Statens vegvesen
- 06. Rogaland fylkeskommune, protokoll
- 06.1 Rogaland fylkeskommune, saksframlegget
- 07. Senior og brukarrådet
- 08. Ungdomsrådet i Time
- 09. Kommuneoverlege i Time kommune
- 10. Jæren Vannområde
- 11. Stavanger kommune - 0
- 11.01 Stavanger kommune - vedlegg 1
- 11.02 Stavanger kommune - vedlegg 2
- 12. Sandnes kommune
- 13. Sola kommune
- 14. Klepp kommune
- 14.01 Klepp kommune

Vedlegg:

15. Gjesdal kommune
16. Time Venstre
17. Randaberg Arbeiderparti
18. Bane NOR
19. Avinor
20. Statnett
21. IVAR IKS
22. Lyse AS
23. Lyse Elnett AS
24. IKT Norge
25. NHO- Rogaland
26. Abelia
27. Næringsforeningen i Stavangerregionen
28. Rogaland Bondelag
29. Time bondelag -1
30. Time Bondelag-2
31. Norsk ornitologisk Forening_Forum for natur og friluftsliv
- 31.1 Norsk Ornitologisk forening avd Rogaland -vedlegg
32. Bryne Næringsforening
33. Vern Kvernaland
34. Kvernaland Vel
35. Utviklingsgruppa for Kvernaland og Orstad
36. Natur og Ungdom
37. TYR
- 37.1 TYR - vedlegg
38. Ålgårdbanens venner_For Bane
39. Beyond AS - 0
- 39.1 Beyond AS - vedlegg
40. Sig. Halvorsen
41. OneCo Technologies AS
42. Green Mountan AS
43. Smedvig Eiendom As
44. Masiv
- 45 Kalberg Utvikling AS
46. Prosjektil på vegne av Tore Kalberg
- 46.1 Prosjektil på vegne av Tore Kalberg - vedlegg
47. Masiv på vegne av gnr 27 bnr 1
- 47.1 Masiv på vegne av gnr 27 bnr 1-vedlegg
48. Masiv på vegne av 28_1, 28_6, 27-1 og 29_1
49. Bjørn Austerå, Kalberg
50. Kalbergskogen eiendomsutvikling AS
51. Tomtespesialisten - Høringsinnspill
- 51.1 Tomtespesialisten - vedlegg 1 - Flyfoto næring høringsutkast + utvidet areal

Vedlegg:

- 51.2 Tomtespesialisten - vedlegg 2 -Flyfoto utvidet næring_29_2_4
- 51.3 Tomtespesialisten - vedlegg 3 - Kart utvidet næring_29_2_4
- 51.4 Tomtespesialisten - vedlegg 4 -Lyse. Gnr 29 bnr 4 Time
52. Kverneland AS, v. Adv. Kluge
53. Botakst, gnr 28, bnr 85, Kverneland
54. Optimera gnr. 28 bnr 1, Kverneland
55. Stangeland Maskin AS
56. Asgaut Søyland, Kverneland
57. Veidekke As
58. Frøy Panorama as
59. Prosjektil, Kverneland sentrum
60. Vannkanten Frøyland AS
61. Optimera gnr. 23 bnr. 1 - Lye
62. Aina Johansen, Kverneland
63. Andreas Joa, Sola
64. Anne-Lise Rislå Stangeland, Forsand
65. Arne Fjermestad, Fjermestad
66. Ann Irene Fjermestad, Fjermestad
67. Anne Frøyland Grødem, Kverneland
68. Astrid Synnøve Løland, Kverneland
69. Atle Aarre, Kverneland
70. Aud Jorunn Lima
71. Betuel Frøyland, Kverneland
72. Bjørnar Krøgedal, Kverneland
73. Bothild Å. Nordsletten, Bryne
74. Eivind Hagen, Kverneland
75. Elisabeth Søyland, Kverneland
76. Einar Rosvoll m.fl. , Kverneland
77. Eirin Ask, Kverneland
78. Geir Åge Liland, Kverneland
79. Grete Puntervoll, Kverneland
80. Grunneiernaboer på Fjermestad v Linda Fjermestad Lunde
81. Gunnar Garpestad, Lye
82. Guro Svela, Granvegen1, Kverneland
83. Hans Reime Liland, Kverneland
84. Helge Vignes, Kverneland
85. Helmer André Friis, Kverneland
86. Ingvarsen, Vestly og S. Kverneland, Kverneland
87. Jane Frøyland, Kverneland
88. Janne Linn Tjelta, Kverneland
89. Jarle Årthun, Kverneland
90. John Lea, Varhaug
91. Jone Bergene, Bryne

Vedlegg:

92. Jone Serigstad, Kvernaland
93. Hilde Frøyland, Kvernaland
94. Hilde-Gunn Lande, Klepp stasjon
95. Kjersti Egeland Aasgård, Kvernaland
96. Karianne Sandven, Sandnes
97. Kirsten Kverneland, Kvernaland
98. Knut Mæland, Kvernaland
99. Karl Ivar Stangeland, Bryne
100. Maren Homnes, Kvernaland
101. Marte Refve Johannessen, Kvernaland
102. Maria Lisa Skulbru Knutsen, Kvernaland
103. Marit Haga, Kvernaland
104. Martin Haukali, Oslo
105. Merete Hognestad, Kvernaland
106. Miriam Johnsen, Kvernaland
107. Miriam Åbrekk, Kvernaland
108. Monika Tønnesen, Kvernaland
109. Olaf Selmer Aarsheim, Kvernaland
110. Olav Halseth, Kvernaland
111. Ole Amundsen og Nina Gran Egeland
112. Sofie Farstad, Sandnes
113. Stine Torp Bloch og Kjartan Moberg, Kvernaland
114. Stein Eirik Heskestad, Kvernaland
115. Stian Hestvaag Lode
116. Svein Åge Skjæveland og Siri Kalberg
117. Sven Åsland, Kvernaland
118. Sybille Greiner
119. Tonje Marie Kirkeby, Orstad
120. Tor Ingve Frøyland, Kvernaland
121. Trine Bolstad Scheie, Orstad_Klepp
- 122.01 Varmekart NK5.png (L)(1700527)
- 122.02 Varmekart NK4
- 122.03 Varmekart NK1, NK2, NK3
- 122.04 Segment_Kalbergskogen
- 122.05 Segment NK5
- 122.06 Segment NK4
122. Trine Selvikvåg m. fl. , Kvernaland
123. Unni og Atle Sjølyst, Kvernaland.
124. Yngvild Mohn Hansen. Håbakken (Orstad-Klepp)
125. Øystein Lereng, Kvernaland
126. Ådne Njå, Stavanger
127. Åge Søyland, Kvernaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur